



Arkivnr: 2014/2-90
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		10.09.2015

Oppretting av nye klassar ved Hordaland helsefagskole hausten 2015

Samandrag

Hordaland fagskulestyre vedtok i møte 07.05.15 at endeleg vedtak om oppretting av nye klassar ved Hordaland helsefagskole skulle handsamast i styremøtet 10.09.15.

Forslag til vedtak

Hordaland helsefagskole startar opp følgjande klassar hausten 2015:

Tilbod	Stad
Rehabilitering*	Nordnes
Psykisk helsearbeid/rusarbeid	Stend
Spesialreinhald (stadbasert)	Nordnes
Spesialreinhald (nettbasert)	Nett/Nordnes

**Dersom det er minst 15 studentar ved start.*

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Protokoll 07.05.15 HFS

Fylkesrådmannen, 21.08.2015

Hordaland fagskulestyre vedtok i møte 07.05.15 at endeleg vedtak om oppretting av nye klassar ved Hordaland helsefagskole skulle handsamast i styremøtet 10.09.15 (sjå vedlagt protokoll).

Hordaland helsefagskole har fått følgjande søkjarar til aktuelle tilbod hausten 2015:

Tilbod	Tal studentar
Rehabilitering	10
Psykisk helsearbeid/rusarbeid	15
Spesialreinhold (stadbasert)	23
Spesialreinhold (nettbasert)	6

Det vert arbeidd med å rekruttera fleire studentar til utdanningane Rehabilitering og Psykisk helsearbeid/rusarbeid. Tilbodet Psykisk helsearbeid/rusarbeid er ikkje endeleg godkjent av NOKUT. Dersom tilbodet ikkje vert godkjent innan skulestart, vert tilbodet Psykisk helsearbeid starta opp i staden. Det bør vere minimum 15 studentar i ein klasse før ein startar opp, og det vert difor føreslått at tilbodet Rehabilitering ikkje vert starta opp med mindre det vert rekruttert totalt 15 studentar.

Tilbodet Spesialreinhold og sterilforsyning på nett har totalt 6 søkjarar frå andre fylke enn Hordaland. Dette tilbodet vert soleis finansiert av tilskot frå dei fylka som studentane er busett i (Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane). Tilbodet vil verte samkjørt med det stadbaserte tilbodet innan Spesialreinhold og sterilforsyning, slik at det vert mindre økonomisk ressurskrevjande å gjennomføre.

På bakgrunn av dette vert det føreslått at følgjande tilbod vert oppretta ved Hordaland helsefagskole hausten 2015:

Tilbod	Stad
Rehabilitering*	Nordnes
Psykisk helsearbeid/rusarbeid	Stend
Spesialreinhold (stadbasert)	Nordnes
Spesialreinhold (nettbasert)	Nett/Nordnes

**Dersom det er minst 15 studentar ved start.*